



Jentene til Rosendal fekk ein knallstart

**Jentelaget (14 år) til Rosendal med 4 uskedelingar på laget har hatt ein knallstart i Norway Cup no på morgonkvisten. Dei har sigra 6-0 over sjølvaste Vålerenga. Dei hadde full kontroll frå start til slutt.**



Ingebjørg opna ballet med å setta ballen i mål på eit langskot og Silje auka til 2-0.

Ragnela vart den neste på scoringslista i ein periode med kjempespel av Rosendal. Vålerenga var på nokre visittar tidleg i 2. omgang, men Rosendal gjorde ein god fosvarsjobb.

Julie auka til 4-0, 5-0 og 6-0 etter å ha vorte åleine med keeper. Mot slutten av kampen gjorde keeper Kathrine ein kjempejobb heilt ute på hjørnet av 16-meteren.

Mot slutten av kampen måtte Tonje ut med skade,

Gutar 13 møter også Vålerenga no klokka 10 medan gutar 14 (med 6 uskedelingar på laget) skal i elden mot Bardufoss midt på dagen - nærare bestemt 13.15..

Kampane blir referert live på heimesida til laget.

Dei 3 laga til Rosendal har det fint i Oslo, der dei bur på Ellingsrudåsen skole 20 minuttar frå arenaen.

Av Ola Matti Mathisen

**Kampen for gutar 13 enda med 9-1 til Vålerenga. Kommentaren til referenten er at det var godt gjort å få mål på eit så godt Vålerengalag!**